


**DET KONGELIGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT**

Statsråden

Stortingets Presidentskap
Ekspedisjonskontoret
Stortinget
0026 OSLO

Deres ref

Vår ref

Dato

16/2191

11. mai 2017

**Retting av Prop. 82 L (2016-2017) Endringar i veglova og vegtrafikkloven
(bompengar i byane)**

Jeg viser til lovforslaget som ble fremmet i statsråd 5. april 2017 gjennom Prop. 82 L (2016-2017) Endringar i veglova og vegtrafikkloven (bompengar i byane), som for tiden er til behandling i Stortingets transport- og kommunikasjonskomité med behandling 23. mai 2017.

Samferdselsdepartementet har i ettertid oppdaget at det ved en inkurie i trykkeprosessen har kommet inn en feil i den trykte utgaven av lovforslaget som er fremmet statsråd og i PDF-formatet som er publisert på Regjeringen sine internetsider. Feilen er å finne i selve forslaget til lovendring, som er tatt inn i vedlegget på side 42 av proposisjonen, og går ut på at forslaget til nytt tredje ledd er delt opp i to ledd (tredje ledd og fjerde ledd), slik at lovforslaget har fått totalt seks ledd i stedet for fem. Forslaget til lovendring på side 42 skulle vært utformet med totalt fem ledd, slik det er omtalt i proposisjonen og slik at tredje og fjerde ledd til sammen utgjør forslag til nytt tredje ledd.

Samferdselsdepartementet beklager feilen, og ber om at det vedlagte korrigerte lovforslaget legges til grunn i Stortingets behandling av saken og som grunnlag for det endelige lovvedtaket.

Med hilsen

Ketil Solvik-Olsen

Forslag

til lov om endringar i veglova og vegtrafikkloven (bompengar i byane)

I

I lov 21. juni 1963 nr. 23 om vegar skal § 27 lyde:

Med samtykke frå Stortinget kan departementet fastsetje at det skal krevjast bompengar på offentleg veg, fastsetje storleiken på avgiftene, og setje vilkår om bestemt bruk av avgiftsmidlane. Bompengane kan nyttast til alle tiltak som denne lova gir heimel for. Dessutan kan dei nyttast til investeringar i faste anlegg og installasjonar for kollektivtrafikk på jernbane, inkludert sporveg og tunnelbane.

Med samtykke frå Stortinget kan departementet fastsetje særskilde ordningar for bompengar i byområde, med takstar som er tilpassa dei særskilde behova i området, ut frå omsyn til transportløysingane i området, bruken av arealet, lokalmiljøet eller liknande. Ut frå behova kan det fastsetjast takstar som er basert på køyretøya si vekt, påverkar val av reisemiddel, varierer ut frå tida på døgnet, varierer ut frå dei ulike køyretøya sine miljøeigenskapar eller liknande. Føresegnene om vilkår og bruk av bompengar i første ledd gjeld tilsvarande. Som del av ein plan om eit heilskapleg og samordna transportsystem i eit byområde, kan bompengar nyttast til tiltak for drift av kollektivtrafikk.

Departementet kan i forskrift fastsetje mellombelse endra bompenger takstar til bruk i avgrensa periodar innanfor eksisterande bompengeordningar i byområde når det er fare for og ved overskridning av grenseverdiane for konsentrasjon av forureining i luft utandørs fastsett i forskrift med heimel i forurensningsloven § 9. Bruken av takstane

føreset vedtak av kommunen og fylkeskommunen. Inntekter frå dei endra takstane skal gå til å nedbetale dei prosjekta som er prioriterte i bompengeordninga det gjeld. Departementet kan i forskriften likevel fastsetje føresegner om at inntekter frå dei endra takstane kan bli brukt til tiltak for å få ned trafikken i perioden det gjeld.

Med samtykke frå departementet kan rett til å krevje inn bompengar pantsetjast. Ei slik pantsetjing omfattar den rett pantsetjaren har til den eller dei eigedomane der det ligg eller skal liggja bomstasjon eller til eigedom som har samanheng med drifta av bompengeinnkrevinga. Panterett i rett til å krevje inn bompengar får rettvern ved å tinglysast i grunnboka på den eller dei eigedomane som er nemnde i førra punktum. Andre fordringshavarar enn panthavaren har ikkje rett til dekking i retten til å krevje inn bompengar.

Departementet kan i forskrift fastsetje generelle føresegner om takstar etter første og andre ledd og føresegner om plikta til å betale bompengar.


II

I lov 18. juni 1965 nr. 4 om vegtrafikk blir det gjort følgjande endringar:

§ 7a blir oppheva.

III

Lova gjeld frå den tid Kongen fastset. Kongen kan setje i verk dei einskilde føresegnene til ulik tid.



Kopi

Departementenes sikkerhets- og serviceorganisasjon

Statsministerens kontor

Stortingets transport- og kommunikasjonskomité

Vedlegg